



Kaffi, KvikkLunsj og appelsin og ein tur i nærøråde. Meir skal det ikkje til for å få ei fin oppleving i påsken.

**Ikkje alle er fødd med ski på beina. Ikkje alle står i skitrekket i Fjellhaugen og slett ikkje alle går toppturar og gjennomfører dristige nedkøyringar på ski. Mange held seg i låglandet og finn fine turmål i nærrområde. Det er dette journalist Tjeldflåt skriv om i artikkelen Plusstur på påskefjellet ligh i BT for ei veke sidan. Uskedalen.no tek oppmodinga på alvor og legg ut på turen påskefjellet 'light' i Uskedalen.**



[Mot Ljosnes på god taktorveg og sti.](#)

Om du går den gamle bygdavegen frå Halsabråtet til Rød og held fram på traktorveg og god sti, så endar du på Ljosnes. Her har du fin utsikt både mot indre Kvinnherad og ut Storsund mot Skorpo. Traseen er godt synleg og kan gjerne brukast innover Sandvikelio mot det gamle tunet i Lio.



Den gamle bil- og køyrevegen Stigen over Bergsheiane er rusta opp og mykje brukt, særleg av turgåarar frå Herøysundet. Kva om du heller vil prøva å gå over Bergsheiane på Stigen, frå Vågen til Berge i Bringedsbygda. Svein Sætre, ein av grunneigarane, har rusta opp deler av den tidlegare bil- og køyrevegen mellom Herøysundet og Uskedalen. På toppen er rasteplass med bord og benker og ikkje minst, vakker utsikt mot snøkledd fjell på Stord og på Tysnes.

Eikedalen er alltid eit populært turmål. Turen inn til Flåtene er lett og fin. Den merka turstien frå Sørestølen og langs elva er nett no isete og glatt. Då er det betre om du brukar midttrassen litt lenge opp i lia. Frå Flåtene kan du gå over bra og ta turen ned på andre sida av Eikeelva. Då kjem du ned i tunet på Nedre Fet ved Elins Matgleder.

Fjellandsbø er ein sikker vinnar av alle turmål. Køyr til Storhaug eller Friheim og gå på veg langs vatnet mot dei to tuna på Fjellandsbø. Hugs at du ikkje set bilen slik at det kan vera til hinder for gardsdrifta i Friheim. Ikkje parker i tunet og heller ikkje slik at du blokkerer sidevegane.

De mest brukte traseen er turen til Kalkstasjonen på Haugland. Legg gjerne returen på sti i skogen ned langs elva og kom tilbake til plassen der bilen står. Rundturen via Santaket på Døsmland, over brua ved Kalkstasjonen og ned på Haugland er mykje brukt.

Difor seier vi: Finn fram kaffi, Kvikkunsj, Solo og litt niste og legg turen i påskefjellet 'ligh' i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Av alle turmål i Uskedalen er Fellandsbø ein vinnar.